



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: inngått ved korrespondanse
200703215-17 712 HVOR

Dykkar ref.:
200601042-

Bergen, 25. mars 2008

Høringsbrev - utkast til rikspolitiske retningslinjer for universell utforming

Fylkesutvalet i Hordaland Fylkeskommune har handsama utkast til rikspolitiske retningslinjer for universell utforming - fråsegn. i møte 13.03.08 sak 65/08 og fatta følgande:

Vedtak:

1. Fylkesutvalet viser til fylkesdelplanen Deltaking for alle – universell utforming, vedtatt av Fylkestinget 13. juni 2006, og fylkesutvalet si fråsegn til NOU 2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet 25. 11. 2005.
2. Fylkesutvalet er nögd med utkastet til rikspolitiske retningslinjer med dei vurderingar som er gitt i saksutgreiinga. Det er i samsvar med fylkesdelplanen.
3. Retningslinene bør følgjast opp av foresegner om krav til universell utforming av bygg og anlegg retta mot allmenta i ny plan- og bygningslov og ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov.
4. Utkastet retter seg i stor grad mot arealplanlegging. Det er trøng for å presisere ansvar i utbyggingfasane etter planfasen. Eit godt planarbeid er i seg sjølv ingen garanti for eit godt sluttresultat.
5. Det er trøng for nasjonale rettleiarar og standardar.
6. Universell utforming må inn i Miljøverndepartementet sitt rettleiingsmateriale til kommunal planlegging.
7. Kommunar og fylkeskommunar må få nødvendige økonomiske midlar for å oppgradere bygg og anlegg retta mot allmenta , til universell utforming.
8. Staten oppretter eit " universelt fond" til disposisjon etter søknad for prosjekt retta mot oppgradering av bygg til universell utforming.
9. Brannovingar må vera realistiske også for menneske med nedsett funksjonsevne og ikkje betre eit notat om at det er ei øving. Dette må innebera klare personalmessige ansvarstilhøve.

Vedlegg: Sak 65/08.: Utkast til rikspolitiske retningslinjer for universell utforming. Fråsegn.

Med venleg helsing

Gudrun Mathisen
Plan og miljøsjef

Hild Kristin Morvik
Prosjektleiar universell utforming

SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200703215
Arkivnr. 712
Sakshandsamar Morvik, Hild Kristin

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	06.03.08	26/08
Fylkesutvalet	13.03.08	65/08

UTKAST TIL RIKSPOLITISKE RETNINGSLINER FOR UNIVERSELL UTFORMING, FRÅSEGN.

Kultur- og ressursutvalet 06.03.08

Forslag frå **Kim Størksen (SV)** til nytt punkt 8:

"Staten oppretter eit "universelt fond" til disposisjon etter søknad for prosjekt retta mot oppgradering av bygg til universell utforming."

Forslag frå **Anita Garlid Johannessen (FRP)** til nytt punkt 9:

"Brannovingar må vera realistiske også for menneske med nedsett funksjonsevne og ikkje berre eit notat om at det er ei øving. Dette må innebera klare personalmessige ansvarstilhøve."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 1-7 vart samroystes vedteke.

Størksen sitt forslag til nytt punkt 8 vart samroystes vedteke.

Johannessen sitt forslag til nytt punkt 9 vart samroystes vedteke.

INNSTILLING

1. Fylkesutvalet viser til fylkesdelplanen Deltaking for alle- universell utforming, vedtatt av Fylkestinget 13. juni 2006, og fylkesutvalet si fråsegn til NOU 2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet 25.11. 2005.
2. Fylkesutvalet er nøgd med utkastet med rikspolitiske retningsliner med dei vurderingar som er gitt i saksutgreiinga. Det er i samsvar med fylkesdelplanen.
3. Retningslinene bør følgjast opp av foresegner om krav til universell utforming av bygg og anlegg retta mot allmenta i ny plan- og bygningslov og ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov
4. Utkastet retter seg i stor grad mot arealplanlegging. Det er trøng for å presisere ansvar i

utbyggingsfasane etter planfasen. Eit godt planarbeid er i seg sjølv ingen garanti for eit godt sluttresultat.

5. Det er trøng for nasjonale rettleiarar og standardar.
6. Universell utforming må inn i Miljøverndepartementet sitt rettleiingsmateriale til kommunal planlegging.
7. Kommunar og fylkeskommunar må få nødvendige økonomiske midlar for å oppgradere bygg og anlegg retta mot allmenta, til universell utforming.
8. Staten oppretter eit "universelt fond" til disposisjon etter søknad for prosjekt retta mot oppgradering av bygg til universell utforming.
9. Brannøvingar må vera realistiske også for menneske med nedsett funksjonsevne og ikkje berre eit notat om at det er ei øving. Dette må innebera klare personalmessige ansvarstilhøve.

Fylkesutvalet 13.03.08

Innstillinga vart samroystes vedteken.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet viser til fylkesdelplanen Deltaking for alle- universell utforming, vedtatt av Fylkestinget 13. juni 2006, og fylkesutvalet si fråsegn til NOU 2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet 25.11. 2005.
2. Fylkesutvalet er nøgd med utkastet med rikspolitiske retningsliner med dei vurderingar som er gitt i saksutgreiinga. Det er i samsvar med fylkesdelplanen.
3. Retningslinene bør følgjast opp av føresegner om krav til universell utforming av bygg og anlegg retta mot allmenta i ny plan- og bygningslov og ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov
4. Utkastet retter seg i stor grad mot arealplanlegging. Det er trøng for å presisere ansvar i utbyggingsfasane etter planfasen. Eit godt planarbeid er i seg sjølv ingen garanti for eit godt sluttresultat.
5. Det er trøng for nasjonale rettleiarar og standardar.
6. Universell utforming må inn i Miljøverndepartementet sitt rettleiingsmateriale til kommunal planlegging.
7. Kommunar og fylkeskommunar må få nødvendige økonomiske midlar for å oppgradere bygg og anlegg retta mot allmenta, til universell utforming.
8. Staten oppretter eit "universelt fond" til disposisjon etter søknad for prosjekt retta mot oppgradering av bygg til universell utforming.
9. Brannøvingar må vera realistiske også for menneske med nedsett funksjonsevne og ikkje berre eit notat om at det er ei øving. Dette må innebera klare personalmessige ansvarstilhøve.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 14. mars 2008

FYLKESRÅD, AVVENTINGSSJELL

Mildrid Østelsen

Saksgang	Møtedato	Saknr	Saksordførar
Kultur- og ressursutvalet	06.03.08	26/08	
Fylkesutvalet	13.03.08	65/08	

Utkast til rikspolitiske retningsliner for universell utforming. Fråsegn.

Kultur- og ressursutvalet 06.03.08

Forslag frå **Kim Størksen (SV)** til nytt punkt 8:

"Staten oppretter eit "universelt fond" til disposisjon etter søknad for prosjekt retta mot oppgradering av bygg til universell utforming."

Forslag frå **Anita Garlid Johannessen (FRP)** til nytt punkt 9:

"Brannovingar må vera realistiske også for menneske med nedsett funksjonsevne og ikkje berre eit notat om at det er ei øving. Dette må innebera klare personalmessige ansvarstilhøve."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 1-7 vart samroystes vedteke.

Størksen sitt forslag til nytt punkt 8 vart samroystes vedteke.

Johannessen sitt forslag til nytt punkt 9 vart samroystes vedteke.

INNSTILLING

1. Fylkesutvalet viser til fylkesdelplanen Deltaking for alle- universell utforming, vedtatt av Fylkestinget 13. juni 2006, og fylkesutvalet si fråsegn til NOU 2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet 25.11. 2005.
2. Fylkesutvalet er nøgd med utkastet med rikspolitiske retningsliner med dei vurderingar som er gitt i saksutgreiinga. Det er i samsvar med fylkesdelplanen.
3. Retningslinene bør følgjast opp av føresegner om krav til universell utforming av bygg og anlegg retta mot allmenta i ny plan- og bygningslov og ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov
4. Utkastet retter seg i stor grad mot arealplanlegging. Det er trøng for å presisere ansvar i utbyggingsfasane etter planfasen. Eit godt planarbeid er i seg sjølv ingen garanti for eit godt sluttresultat.
5. Det er trøng for nasjonale rettleiarar og standardar.
6. Universell utforming må inn i Miljøverndepartementet sitt rettleatingsmateriale til kommunal planlegging.
7. Kommunar og fylkeskommunar må få nødvendige økonomiske midlar for å oppgradere bygg og anlegg retta mot allmenta, til universell utforming.
8. Staten oppretter eit "universelt fond" til disposisjon etter søknad for prosjekt retta mot oppgradering av bygg til universell utforming.
9. Brannovingar må vera realistiske også for menneske med nedsett funksjonsevne og ikkje berre eit notat om at det er ei øving. Dette må innebera klare personalmessige ansvarstilhøve.

Strategi- og næringsavdelinga

Plan og miljøgruppa

Arkivsak 200703215-12
Arkivnr. 712
Saksh. Morvik, Hild Kristin

Saksgang	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	06.03.2008
Fylkesutvalet	13.03.2008

UTKAST TIL RIKSPOLITISKE RETNINGSLINER FOR UNIVERSELL UTFORMING. FRÅSEGN.

SAMANDRAG

Miljøverndepartementet har sendt utkast om rikspolitiske retningsliner. (RPR) for universell utforming på høyring. Høyringsfrist er 15. mars 2008.

Føremålet med retningslinene er å sikre at omsynet til universell utforming blir ivaretakte i den kommunale og fylkeskommunale planlegginga etter plan- og bygningslova for å oppnå eit inkluderande samfunn med full likestilling og deltaking for alle. Retningslinene omhandlar fysiske krav til bygg og anlegg som skal følgjast i planlegginga og føresegn om ansvarstilhøve og sakhandsaming med krav til medverknad, kartlegging og dokumentasjon.

RPR for universell utforming blir sett i samband med oppfølging av NOU 2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet (Ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov og ny plan- og bygningslov), som Fylkesutvalet slutta seg til (FUV sak 262 / 05). Fylkesdelplanen Deltaking for alle – universell utforming, vedtatt 13. juni 2006 syner at Hordaland fylkeskommune tar ansvar for universell utforming.

Samanhengen mellom overordna planlegging og konkret utforming er vesentleg i arbeidet med universell utforming. Miljøverndepartementet bør fokusere på universell utforming i rettleiingsmaterialet til kommunal planlegging med forankring i dei rikspolitiske retningslinene.

Kommunnar og fylkeskommunar må få nødvendige økonomiske midlar for å oppgradere bygg og anlegg retta mot allmenta for å møte krava om universell utforming.


Fylkesrådmannen er positiv til utkastet med dei vurderingar som er gitt i saksutgreiinga. Det er i samsvar med fylkesdelplanen.

FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkesutvalet viser til fylkesdelplanen Deltaking for alle- universell utforming, vedtatt av Fylkestinget 13. juni 2006, og fylkesutvalet si fråsøgn til NOU 2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet 25.11. 2005.
2. Fylkesutvalet er nøgd med utkastet med rikspolitiske retningslinjer med dei vurderingar som er gitt i saksutgreiinga. Det er i samsvar med fylkesdelplanen.
3. Retningslinene bør følgjast opp av føresegner om krav til universell utforming av bygg og anlegg retta mot allmenta i ny plan- og bygningslov og ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov.
4. Utkastet retter seg i stor grad mot arealplanlegging. Det er trøng for å presisere ansvar i utbyggingsfasane etter planfasen. Eit godt planarbeid er i seg sjølv ingen garanti for eit godt sluttresultat.
5. Det er trøng for nasjonale rettleiarar og standardar.
6. Universell utforming må inn i Miljøverndepartementet sitt rettleiingsmateriale til kommunal planlegging.
7. Kommunar og fylkeskommunar må få nødvendige økonomiske midlar for å oppgradere bygg og anlegg retta mot allmenta, til universell utforming.



Paul M. Nilsen



Jan Per Styve

Vedlegg:

http://www.universell-utforming.miljo.no/file_upload/rikspolitiske_retningslinjer_utskast.doc

http://www.universell-utforming.miljo.no/file_upload/veiledning_rikspolitiske_retningslinjer.doc

http://www.universell-utforming.miljo.no/file_upload/veiledning_rikspolitiske_retningslinjer.doc

1. Innleiing

Miljøverndepartementet har sendt utkast om rikspolitiske retningslinjer, (RPR) for universell utforming på høyring. Høyringsfrist er 15. mars 2008.

I høyringsdokumentet blir det vist til at føremålet med retningslinene blant anna er å sikre at omsynet til universell utforming blir ivaretakne i den kommunale og fylkeskommunale planlegginga etter plan- og bygningslova for å oppnå eit inkluderande samfunn med full likestilling og deltaking for alle. Retningslinene omhandlar fysiske krav til bygg og anlegg som skal følgjast i planlegginga og føresegn om ansvarstilhøve og sakshandsaming med tydelege krav til mellom anna medverknad, kartlegging og dokumentasjon.

I utkastet blir det vidare foreslått at retningslinene bør brukast i øvrig forvaltingsvirksomhet innan dei rammer sektorlovene gir. Det blir streka under at RPR for universell utforming blir sett i samband med myndighetene sitt øvrige arbeid med universell utforming, mellom anna oppfølging av Syseutvalets utgjeiing i NOU 2005:8 Likeverd og tilgjengelighet. (Ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov og ny plan- og bygningslov.)

2. Høyringsnotatet

Målsetting, lovforankring, virkeområde og ansvar

Nasjonale mål for universell utforming omfattar alle mennesker. Universell utforming gir mål for produkt og kvalitet i produkt og omgjevnad. Omgrepet tar høgde for mangfaldet av menneske som til ei kvar tid lev i eit lokalsamfunn, og strategien er innovativ i planlegging og utforming – med ein ambisjon om stadig å finne betre og meir inkluderande løysingar.

Retningslinenes virkeområde er i samsvar med plan- og bygningslova § 1. Kommunen skal aktivt samarbeide med fylkesmannen og fylkeskommunen i arbeidet med universell utforming i planlegginga. Kommunen skal sørge for at fylkeskommunen og fylkesmannen kjem inn i ein tidleg fase av planlegginga.

Retningslinene understrek behovet for samarbeid på tvers av sektorar og nivå i planlegginga. Fylkesmann og fylkeskommune skal ivareta universell utforming i kommunen si planlegging gjennom rettleiing, fråsegn til kommunale planer og eventuell motsegn.

Fylkeskommunen har sjølvstendig ansvar for universell utforming på sine saksområde. Fylkeskommunen har i samband med si eiga planlegging ansvar for at Fylkets råd for personar med nedsett funksjonsevne blir involvert og at samarbeidet med fylkeskommunen si planavdeling er organisert på ein god måte.

Krav til den kommunale planprosess og fysisk utforming, motsegn og klage

Det blir stilt krav til at kommunen skal vurdere stoda for tilgjengelighet i eit planområde for å ivareta universell utforming i all planlegging etter plan- og bygningslova.

For å ivareta omsynet til personar med nedsett funksjonsevne, må planmyndighetene tilegne seg nødvendig kunnskap om feltet, mellom anna ved styrka brukermedverknad.

Kommunen skal vurdere behovet for å utarbeide eigne retningsliner eller føresetnader om universell utforming til kommuneplan, reguleringsplan og/ eller bebyggelsesplan.

Kommunen har ansvar for å dokumentere relevante vurderinger knytt til desse krava.

Krav til fysisk utforming femnar heile infrastrukturen i samfunnet, og krava skal ein søkja å oppfylle i planlegginga. Fylkesmannen og fylkeskommunen kan fremje motsegn både til planprosess og fysisk utforming.

3. Vurdering

Fylkesutvalet handsama NOU 2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet 25.11.2005 (FUV sak 262/05) og slutta seg til prinsippa i meldinga.

Fylkesdelplanen Deltaking for alle – universell utforming vart vedteken av Fylkestinget 13. juni 2006. Planen tar opp heilskap i tilrettelegginga, sektoransvar, brukermedverknad, kunnskap og kompetansekrav. Planen har og eit handlingsprogram som syner Hordaland fylkeskommune sitt sjølvstendige ansvar for universell utforming. I vurderinga av utkastet til retningslinene har Fylkesrådmannen støtta seg på fylkesdelplanen.

Fylkesrådmannen er positiv til at RPR blir sett i samanheng med myndigheitene sitt øvrige arbeid med universell utforming. RPR bør følgjast opp av klare føresegner om krav til universell utforming av bygg og anlegg retta mot allmenta i ny plan- og bygningslov og ny diskriminering - og tilgjengelighetslov.

Hovedintrykket er at utkastet i stor grad retter seg mot arealplanlegging. Ei presisering av ansvar i faser som ettersølgjer planfasen (e) er like viktig for å nå målsettinga om eit meir universelt utforma samfunn. Eit godt planarbeid er i seg sjølv ingen garanti for eit godt ferdig resultat.

RPR krev at kommunane skal gjere konkrete vurderingar av tilgjengeleitstilstanden i planområdet/kommunen. Til dette trengs det nasjonale rettleiingar og standardar. Ei god kartlegging byggjer på metodikk for kartlegging og sjekkliste. Dette arbeidet må intensiverast skal kommunane kunne gjere ein god kartlegging etter krava om universell utforming.

I denne samanheng er kompetanseheving hos planleggaren like viktig som rettleingsmateriale. Fylkesrådmannen vil understreke at det er viktig å komme tidleg inn med brukarmedverknad i planprosessen mellom anna for å styrkje kompetansen hos planleggarane.

Krav om tilfredstilande tilkomst til alle bygg i byggområde, vegrar og gangvegar med god framkomst for personar med nedsett funksjonsevne er utfordrande krav i vestlandsterrenget. Å skape gode uterom og tilgjengelege friluftsområde er og krevjande i vår topografi.

Eit ønske om god universell utforming kan gå på tvers av andre viktige målsettingar som til dømes vern av kulturminne og forvalting av natur og friluftsområde. Her er ikkje utkastet til RPR konkret nok i spørsmålet om vektlegging av verdiar og avveiging av konfliktsituasjonar.

Samanhengen mellom overordna planlegging og konkret utforming er vesentleg i arbeidet med universell utforming. Fylkesrådmannen oppmodar Miljøverndepartementet difor å fokusere på universell utforming i sitt rettleingsmateriale til kommuneplan, reguleringsplan og bebyggelsesplan med forankring i rikspolitiske rteningsliner for universell utforming.

Høyringsbrevet viser innleiingsvis til Syseutvalet si utgreiing i NOU 2005:8 Likeverd og tilgjengelighet. Syseutvalet foreslår å tidfeste mål for tilgjengelighet. (Nye bygg år 2009, eksisterande byggmasse 2019) Framlegga til nasjonale mål er tatt til følge i fylkesdelplanen Deltaking for alle – universell utforming.

NIBR og Vista Utredning la i desember 2007 fram rapportar om kostnader ved innføring av krav til universell utforming av bygg, anlegg og uteområde retta mot allmenta. I følge Vista Utredning si foreløpige overslag vil kostnadene ved innføring av krav om universell utforming ved nye tiltak auke kostnadene med i gjennomsnitt 1 prosent. NIBR anslår i sin rapport at ei oppgradering til universell utforming av eksisterande publikumsbygg vil ha ein kostnadsramme på 14.3 – 23.4 milliarder kr.

Kommunar og fylkeskommunar må få nødvendige økonomiske midlar for å oppgradere sine bygg og anlegg retta mot allmenta for å møte krava om universell utforming. Strategien for tilskudd som er ført gjennom Regjeringa sin handlingsplan for personar med nedsett funksjonsevne må førast vidare i kommande handlingsplanar.

Fylkesrådmannen er positiv til utkastet med dei vurderingar som er gitt. Det er i samsvar med fylkesdelplanen.